

(19) GEITA I MEG

Tekst og tone:
FREDDIE LANGRIND

Eldre menneske er ikkje gamle på innsida.
I mitt eige hovud er sjølv det umogelege mogleg.

Eg er gei - ta som byk - ser i brat - tas - te berg - et for frei - stan - de

6 fø - de, og ny - fik - en leik. Her er man - ge å blen - de og eg - ge og

12 ter - ge. Eg ser ik -kje gren - ser, og skyr in - ga kneik.

Eg er geita som bykser i brattaste berget
for freistande føde, og nyfiken leik.
Her er mange å blende og egge og terge.
Eg ser ikkje grenser, og skyr inga kneik.

Eg er oppe i fjellet der elvane baksar,
og fuglane dansar og verda er stor.
Om du kallar, så er eg der om nokre straksar
med Blåmann og Lykle, og Balder og Tor.

Eg er rufset og skjegget, men spring over bakken,
og bjølla mi spelar min eigen musikk.
Eg har auge på stilker og ditto i nakken
som Blåmann og Lykle, og Bellman og Frikk.

Eg har sett mangt og mykje her ute i ura,
ei jente med hale, og tusser og troll.
Eg har trøysta når to-beinte gjekk her og stura
med Blåmann og Lykle, og Donald og Knoll.

Eg har høyrte at det talast at bakom ein blåne
finst staden dei kallar for berget det blå.
Eg gjeng austafør sola og vestafør måne
med Blåmann og Lykle, og Svarten og Grå.

Eg vil sjølv finne råsa for utsyn og lagnad
og treng ei formaning om opp eller ned.
Eg vil springe i flokken og dele min fagnad
med Blåmann og Lykle, og Vesla, mitt kje.

